



Johan Albert Sudmann  
Flatøyvegen 34  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/355 - 19/20842

Saksbehandlar:  
Ole Martin Bolset  
ole.martin.bolset@meland.kommune.no

Dato:  
09.10.2019

## Detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Melding om planvedtak

### KUNNGJERING AV ENDELEG VEDTAK DETALJREGULERING FOR KOLLEKTIVKNUTEPUNKT OG INNFARTSPARKERING PÅ FLATØY

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-12 er framlegg til plan handsama i kommunestyret 25.09.2019, som sak 47/2019, med slikt vedtak:

*«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, planid. 1256 2016 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 30.04.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 28.06.2019. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»*

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Planen legg til rette for ny kollektivterminal, auka kapasitet på innfartsparkeringa samt gang-/ sykkelvegar på Flatøy.

Tiltakshavar er Statens vegvesen, medan utførande konsulent er Sweco As.

Plandokument og vedtak ligg på kommunen si heimeside [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) (under høyringar og offentleg ettersyn), og i digitalt planarkiv ([www.nordhordlandskart.no/pr](http://www.nordhordlandskart.no/pr)), og til gjennomsyn i resepsjonen til Meland rådhus. Grunneigarar, lag og organisasjonar og offentlege instansar er direkte tilskrive.

[Trykk her for å sjå plandokument](#)

### OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. **Klagefristen er 3 veker** rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1. ledd.

Eventuell klage må vere skriftleg og skal sendast til:

*Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug,*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Eller som e- post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyising i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa, jf. PBL § 15-2 og 3.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Ole Martin Bolset  
Rådgiver planforvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*